

Arven

Nr. 5 - sept. 2009 - ekstrautg.

Kyrkjelydsblad for Hjartdal, Sauland og Tuddal sokn

Sauland kyrkje 150 år 1859 - 2009

Helsing frå
biskopen i Agder
og Telemark

Sauland kyrkje 150 år

Kjære kyrkjelyd!

Hjarteleg tillukke med viktig jubileum for Sauland kyrkje. Eit slikt jubileum gjev bygda høve til å sjå attende i takksemnd for kva kyrkja har tydd for generasjonane - og framover med von om Guds signing over dagar som kjem. Kyrkja er Heimen omkring alle våre heimar.

No ser eg fram til å feire dagen med kyrkjelyden den 27. september.

Lukke til med jubiléet og førebuingane!

Vi sjåast!

Olav Skjevesland,
biskop i Agder og Telemark



(Foto: ATB)



Sauland kyrkje

I år vert det feira 150-årsjubileum for Sauland kyrkje. Kyrkjebygget vart påbegynt i 1854, og vart ferdig i 1863, seinare enn berekna. Dei valde dengongen difor å vigsle kyrkja til bruk før ho var heilt ferdig, i september 1859.

Nykyrkja kom til erstatning for den dåverande stavkyrkja, som tidleg på 1840-talet var meint å skulle settast i stand og utvidast. Dette vart ikkje realisert, og i 1849 vart det istaden vedteke å rive stavkyrkja. Sjølve rivinga vart likevel ikkje gjort før i 1860.

Markeringa av "runde år" for det nye kyrkjebygget har seinare teke utgangspunkt i vigslingsåret 1859.

Arven følgjer opp 150-årsjubiléet med dette jubileumsnummeret!

(Tekst/ foto: FHS)

Helsing frå
Sauland
sokneråd

Jubileum i Sauland

Ja, det er med glede og takk for kyrkja me helsar velkommen til jubel i Sauland kyrkje.

Her har mange generasjonar gjennom 150 år funne glede og fred, håp og kjærleik i gode og sorgtunge dagar.

La oss feire det og slik ta vare på kyrkja og kristenlivet for framtida.

Hjarteleg velkommen til kyrkjejubileum!

David Mundal,
leiar i Sauland sokneråd




(Foto: LS)

Den første kyrkja Stavkyrkja

Den første kyrkja vi veit om i Sauland var ei stavkyrkje, bygd truleg mellom 1200 og 1250. Etter at kristendomen var innført i Noreg rundt år 1000, vart det etterpå, i høg mellomalderen, stor bygging av kyrkjer over heile landet. Over halvparten av dei var i tre, mest alle i stavteknikk. Også Hjartdal og Tuddal hadde stavkyrkjer. I dag står det att berre 28 stavkyrkjer.

Saulandskyrkja låg ikke der kyrkja ligg i dag, men like ved. Plasseringa da som nå var på det som var garden Sauland, eller "Swidulandæ" - som tyder jord rydda ved brenning (svedjing). Dette er prestegarden, som den gong var større. Sauland vart da også soknenamnet i bygda.

Stavkyrkja var enklare og mindre enn t.d. den i Heddal. Hovuddelen - skipet - var rektangulær, med svalgangar rundt. Svalgangane vart seinare borte, kanskje rotne dei. Korparti (del av ei kyrkje der altaret står) vart truleg bygd seinare. På slutten av 1700-talet kom eit lafta tilbygg i nord.



Stavkyrkja, teikna som ho truleg var på 1700-talet. (Joachim Frich, 1810-58). Svalgangane er borte, nordfløyen ikkje bygd.

Foto: DM

Gamle dokument viser at kyrkja til tider var i dårleg stand, men ho vart også til tider reparert. Seinast i 1843 vedtok formannskapet stor reparasjon og utviding. Dette vart ikkje realisert, da roteskadene litt seinare vart sett på som for store. I 1849 vart det vedtatt å rive ho. Arbeid for ny kyrkje vart sett i gang (sjå eigen artikkel). Kyrkja vart likevel ikkje riven før i 1860.

I vår tid er stavkyrkja kjend for den bevarte, utskorne portalen som omramma eine inngangsdøra. Han har i mange år stått - og står - utstilt på Kulturhistorisk museum i Oslo, som eit framifrå døme på norsk treskurd frå mellomalderen. Kjend er kyrkja også pga. Adolph Tidemands måleri frå 1845, "Gudstjeneste i en landsens kirke", med motiv frå inne i kyrkja.

(FHS. Kjelder: IJG, AH, H-soga)

"Nykkyrkja" - jubileumskyrkja

I artikkelen ved sida av går det fram at formannskapet, som og var soknestyre, på 1840-talet planla store reparasjonar og utviding av daverande stavkyrkje. Mange såg verdien av den gamle kyrkja. Planane vart likevel forletne, da roteskadene litt seinare vart sett på som for store, og riving vart vedteke i 1849.

Ny kyrkje

Når det nå skulle byggast ny kyrkje, var første ønske ei steinkyrkje. Men teikningar og overslag vart ikkje godkjent av departementet. Etter dette vart det teikna ei trekyrkje, v/stadskonduktør arkitekt C.H. Grosch, som vart godkjend i 1854.

I 1851 hadde det kome ny kyrkjelov, med reglar m.a. for tal på sitteplassar i nye kyrkjer i forhold til innbyggjarar. Kyrkja vart såleis dimensjonert med plass for 300 menneske. - Kyrkja er ei mellomform av dei gamle langkyrkjene, med eit langt, rektangulært hovudrom, og krosskyrkjene. Krosskyrkjer har og markerte sidearmar i kyrkjeromet, tydelegare i Hjartdal og Tuddal. Pillarane inne i kyrkja har preg av europeisk basilikastil, med nygotiske spissbogar i koret og i korskiljet mot kyrkjeromet.

Før bygginga måtte låve, fjøs og nokre mindre hus på prestegarden flyttast. Til bygginga fekk kommu-

Kyrkja og lokale tilhøve rundt 1859

Det som i dag er Hjartdal prestegjeld (Hjartdal, Sauland og Tuddal), var større før, og omfatta også sokna Gransherad, Lisleherad og Åmotsdal. Dei to siste vart skilt ut på 15- og 1600-talet. Gransherad høyrde til heilt til 1859, vigslingsåret for Saulandkyrkja. Sokna hadde felles prest, lensmann, skule og fattigstell. Frå 1837, då landet fekk den nye formannskapslova, utgjorde dei også det nye Hjartdal herad (kommune).

I 1850-60-åra vart Sauland sentrum for mange funksjonar. Sorenskriveren i Det Østafjeldske sorenskriveri i Øvre Telemark fekk frå 1858 sete på Skrivargarden (Mosebø), som da var kjøpt til føremålet. Prestens faste bustad vart i 1860 flytta frå Hjartdal til Sauland prestegard, kyrkjegods frå gamalt. Frå 1860-åra hadde formannskap, forlikskommisjon, kyrkje- og skulekommisjon møte sine i Sauland i lang tid framover.

(FHS. Kjelder: H-soga, G-soga)

nen frå riksnivå eit lån på 3000 spesidaler, av Opplysningsvesenets fond. Bygginga vart utført av byggmeister Olsen frå Kongsberg, og tok 9 år, lenger tid enn berekna. Kyrkja vart difor teken i bruk før ho var ferdig, med offisiell vigsling 23.09.1859.

Kyrkja ber preg av ei "ny tid", m.a. med panel både ute og inne. Ho vart heller ikkje bygd av lokale tømrarar, men teikna av ein arkitekt frå hovudstaden Christiania, og bygd av utanbygds byggmeister.

Arkitekt Christian H. Grosch

Grosch er berømt som arkitekt, og har teikna mange kjende bygg i Noreg - i Oslo m.a. Universitetet ved Karl Johansgt., Børsen, "gamle" Norges bank, m.v. Han teikna 78 kyrkjer, 67 står fortsatt, også andre stader i Telemark. (Sjå elles Arven 7/2001). I boka om Grosch (2001) heiter det at "...Han ble skaperen av den hvitmaltel langkirken i tre, som for mange er blitt stående som selveste sinnbildet på hvordan en kirke ser ut og skal se ut."

Saulandkyrkja har i dag sine opphavlege fargar utvendig, kvitt og okergult, og vart i år nymåla også innvendig i dei fargane som først var bruka.

(FHS. Kjelder: ES, AH, A 7/2001, H-soga)

Sauland menighetshus

Der det er gamle kyrkjer, ofte med berre eit stort kyrkjerom, vart det på 1900-talet mange stader bygd menighetshus/kyrkjelydshus nær kyrkja. Husa har t.d. møterom, forsamlingsrom, øvingsrom for kyrkjekor, klubbrom, kjøken o.l. Dei byggast og drifast oftast ved innsamla midler.

I Sauland vart det i 1930-åra bygd menighetshus med innsamla midler. Det vert og drifta med innsamla midler. Vedtekter for huset er frå 1934, så 1934 synast vere det året huset var ferdig. Huset er seinare ombygd, og har i dag eit stort og eit lite forsamlingsrom, møterom, kjøken, lager, toalett og entré. Det vert (pr. juli 2009) bruka til søndagsskule, møte, soknerådsmøte, tilstelningar, korøving, minnesamvær, konfirmantimar m.v.

Menighetshuset i dag. (Tekst/foto: FHS)



Kyrkjebygget 1859-2009

I åra etter at kyrkja vart bygd, har det skjedd smått og stort av arbeid med bygget. Opplysningane her er så langt Arven har hatt høve til å finne dei, og dei er frå dei siste ca. 70 åra. (FHS. Kjelder etter kvart avsn.)

1854-1863

Dette er, som nemnd elles, perioden da kyrkja vart bygd. Bygginga tok lenger tid enn berekna, og kyrkja vart difor innvigd i 1859, før ho var ferdig. (AH)

1938

Nymåling innvendig, til slik kyrkja i hovudsak var til 2009: Elfenbeinskvi-te veggjar, lyseblå himling, blå benkar, preikestol og altarring. (A og C)

1939

Kyrkja vert måla utvendig. (A og C)

1955

Kyrkja får elektrisk oppvarming. Taket får nytt skifertekke.

(A og C, A 7/ 1955, A 6-7/ 1959)

1964

Nye dører, for betring av temperatur og oppvarming av kyrkja. (A 8-9/1964)

1966

Flaumljos vert installert, for utvendig belysning av kyrkja. (A og C)

1969

Kyrkja vert måla utvendig. Taket på tårnet kles med koparplater. (A og C)

1974

Nytt altarparti. (Sjå elles på sida her.)

1977

Innervindaug og ny dør til orgelgalleriet (temperatur/ oppvarming). (AH)

1979

Himlinga vert isolert (temperatur/ oppvarming). Reparasjon av taket - nye vindskier, snøfangarar og takrenner; øydelagde skiferheller utskifta. (AH, A 6/1980)

1983

Sakristiet vert isolert. (A 1/ 1984)

1988 (m/ ettermåling 1991)

Kyrkja vert måla utvendig. Grøne kontrastfargar vert erstatta med dei opphavleg okergule. (A 9/1987, 8/1991)

1991

Stempling av golvet, for å gjere det meir stabilt. (A 1/1992)

1994

Fastliggende puter i dei fremste benkane; ein del enkeltputer. (A 8/1994)

1995-1997

Rullestolinngang til kyrkja. (A1/96, 5/97)

2004

Sittedjupna på benkane vert utvida. Seinare kom nye benkeputer (A1/2004)

2007-2009

Nye el-omnar under kyrkjebenkane. Dørstolpar/ vindaug restaurert. Utvendig måling. Innvendig måling i fargane som først var bruka (før 1938). (A 5/2008, 3/2009)

Utstyr, gjenstandar og inventar i kyrkja

I ei kyrkje er det behov for gjenstandar og inventar, til liturgisk bruk, til praktiske føremål, eller fordi ein vil forskjøne kyrkjeromet.

I Sauland er ein del av dette gjennom åra gitt som gåver, frå ein-skildpersonar eller frå lag og foreiningar. Det syner at mange i bygda har hatt omsorg for kyrkja. - Det vil føre for langt her å rekne opp navna på dei som har vore med og gitt, og kven som har laga gjenstandane. Det er heller ikkje alle opplysningar vi har. Vi kan likevel som eit døme nevne at Sauland bondekvinne lag har ytt fleire gåver gjennom åra.

Med frå stavkyrkja

Noko av det eldste utstyret følgde med frå stavkyrkja, og Arven nemner her det vi kjenner til derfrå:

Måleriet frå 1810, som heng i hjørnet ved korsillet i dag, "Kristus på korset", hang også i stavkyrkja. Dette ser ein og av A. Tidemands måleri frå 1845, "Gudstjeneste i en landsens kirke", med motiv frå inne i kyrkja. Dei 2 kyrkjeklokkene i nåverande kyrkje er truleg frå 1200- og 1400-talet, og er soleis også frå stavkyrkja. Preikestolen frå stavkyrkja står i Sauland menighetshus, (plassert der etter 1959, truleg i 1971 (?)).


Noverande kyrkje

Kyrkja har i dag elles i all hovudsak følgjande gjenstandar og utstyr:

Preikestolen og ramma rundt altertavla reknast vere bygd da nåverande kyrkje vart bygd (1854-63). Kyrkjeorgel kom første gong i 1896. Det vart bytta ut i 1977, med eit 10-stemmers Spigsethorgel. Gipskopi i 1907 av B. Thorvaldsens Kristusfigur. Kopi i 1959 av J. Frichs teikning av den gamle stavkyrkja.

Teleslynger vart montert i 1968.

I 1974 kom nytt altarparti. Den daverande altartavla var burgunderraud, med bronsefarga kors og bronsefarga ramme. Foran, på altarbordet, sto gipsfiguren av Kristus. Kristusfiguren og korset vart flytta,



Frå kyrkja, aug. 2009. (Foto:FHS)

og ny altertavle, "Den oppstadne Kristus", vart måla av Finn E. Olsen. Olsen måla også felta på preikestolen.

Året etter, i 1975, kom det høgtalaranlegg i kyrkja. Det vart fornya, og med teleslynge, i 1991, og nå sist fornya i 2008. Piano kom i 1980, lesepulten er frå 1985. Kyrkjeromet har 9 lysekroner (6 små, 3 store), frå ulike år, m.a. frå 1950, 1953 og 1958. Lampe til preikestolen er frå 1953, lampe på veggane frå 1958. Kyrkja har og 2 golvlysestakar, 2 altarlysestakar og 1 svært gamal lysestake. I 1940 fekk kyrkja 2 gamle sølv blomstervasar. På 1900-talet var der også gardinar ei tid. Ulike golvløparar har det vore/ er, den første truleg i 1939.

Nattverdutstyr: Vinkanne, altarkalk (svært gamal), oblatdisk, særkalkar (beger). Til å sette begra på er det to små bord frå 1960.

Til døypfonten i tre høyrer døypefat med kanne. Det er 2 altardukar, ein frå 1935, restaurert i 2003, og ein frå 1974. Messehaklar: I dag er der ein eldre, i raud farge. Ny, grøn messehakel vert laga til jubiléet i 2009.

Stake til "Betlehemsloset" vart laga i 1999, til tusenårsskiftet. Same år fekk kyrkja også prosesjonskors.

(FHS. Kjelder: A og C, AH, A 7/ 1950, 5-6/ 1953, 6-7/1959, 6/1960, 5/1968, 2/1985, 9/1991, 10/1999, 1/2000, 6/2003, 3/2008)

Kyrkjegarden

Biskop Jens Nilsson skriv i 1590 at rett aust for (stav-) kyrkja ligg kyrkjegarden. Kyrkjegarden dengong låg nok difor plassert om lag som nå.

I 1833 vart kyrkjegarden utvida. Bjørkene rundt kyrkjegarden synast frå foto å vere planta på tidleg 1950-tal. I 1969 vart kyrkjegarden noko endra og pussa opp. Sokneprest Au-

stad skriv m.a. at "rammene (anm: rundt graver) vart tekne bort, bortsett frå ei". Vedtekter for kyrkjegarden har vore laga, og endra. Båre-/reiskapshus vart bygd i 1966, og utvida i 1991-92 med kvilerom/ WC/ dusj for kyrkjete-narane, og (nye) WC for besøkande til kyrkja. I 1991 vart gravene nyregistrert og innmålt. - Nyarbeid er og gjort i seinare år, td. bolting av gravstøtter, mv. (FHS. Kjelder: IJG, A og C, A 8/1991)

Prestar i tida 1859 - 2009

Den første presten i soknet som er skriftleg omtalt, er Kietil Ivarssøn, nevnt som prest i 1427. Namnet er og nemnd i 1388, blant vitna i ein gardhandel på Lonar. Det er få nedskrivne opplysningar om prestane. Namna på alle etter 13-14-hundretalet og Kietil Ivarssøn er likevel kjende, og også nokre opplysningar om dei. Av plassomsyn i bladet her omtaler vi dei som har virka her i tida 1859 –2009 (virketid i parentes).

Sjølv om **Søren H. Finchenhagen** hadde slutta som prest da nykyrkja vart vigsla, nemnast han her. Dette fordi han virka i tida 1828-1857, og såleis må ha teke del i sakene om riving av stavkyrkja og bygging av ny kyrkje. - Første kona hans døydde ung. I sine to ekteskap fekk han 17 barn, 11 levde opp. Ein del av slekta etter han har vorte buande i Hjartdal.

Også **Adolph J. Boye** nemnast, sjølv om han var her kort tid (1858-1859), og slutta like før kyrkjevigslinga i 1859. Men også han var her medan kyrkja var under bygging, og i det året (1859) da Gransherad vart skilt frå i eit nytt prestegjeld.

Carl A. Lexow (1859-1874)

Første prest i "ny-kyrkja", og som fastbuande på prestegarden i Sauland da fast prestebustad vart flytta frå Hjartdal i 1860. Han vart godt kjent med bygdefolket, hadde omsorg for folk i vanskar, og var ein flink bonde.

Boye Ording (1874-1880)

Ording var og prost i prostiet. Han

likte m.a. å tale for ungdom, og var interessert i skulen og lærararbeidet.

Ole Asperheim (1880-1884)

Han var først prest i USA, men kom tilbake til Noreg, som prest i Hjartdal. Dårlege vegar o.a. i sokna sleit på den hjartesvake presten, som slutta her etter 4 år. I tida her dreiv han m.a. og med snekring og smiing.

Peter H. Lexow (1884-1911)

Han var søn til C.A. Lexow, tidlegare prest her, og hadde derfor budd her før. Han var aktiv i "styr og stell" - var med i helselaget, dreiv songkor, handla med skog, eigde garden Tjønnås og var med og bygde nåverande Tuddal høg fjellshotell. Han var og prost ei tid.

Johan Th. Thistal (1911-1928)

Thistal skal ha vore ein "skarp kar", og følgde m.a. godt med i skulen, der det og hende at han gav pedagogiske råd.

Halvor B. Sigurdson (1929-1934)

Sigurdson var m.a. med og fekk reist Sauland menighetshus.

Konrad Oudenstad (1934- 1935)

Han var vikarprest i ca. 1/2 år.

Christoffer K.Kobro (1935-1948)

Kobro var her som prest også ei tid inn i krigen, men vart bortvist av styresmakterne i mai 1944. Da vart Flatin tilsett som prest i Kobros stad. Kobro kom att som prest ved freden i 1945.

Aasulv Austad (1948-1969)

Austad starta m.a. kyrkjelydsbladet Arven i 1949. Han var i tida si her også prost for Aust-Telemark i 10 år.

Kjell Clausen (1969-1977)

Clausen var fødd i India, og var også sjølv misjonær der i fleire år. Etter åra i Hjartdal var familien ofte på hytta i Tuddal, og han vikarierte også for sokneprest Kleivane.

Knut Flø (1977-1983)

Han har m.a. uttalt at han som sunnmøring her i Hjartdal fekk møte både gamal Telemarkskultur og den åndelege påverknaden frå Langeunds fjorden Indremisjonsselskap.

Bjarne Kleivane (1983-)

Kleivane er fødd i Gjerstad. Før tida i Hjartdal var han prest i Malvik og Vadsø. Han har og undervist i ungdomsskule/ vidaregåande skule, og har gjennomgått kurs og utanlands studieopphald. Han er gift med Aud Kleivane f. Netland. Dei har 4 born.

(FHS. Kjelder: AH, H-soga)

"I kyrkja - men ikkje under kyrkja"

Kristeleg organisasjonsarbeid i Sauland i dag

I rundt 160 år har mange organisasjonar drive kristent arbeid i Noreg utan å vere styrt av Den norske kyrkja, men dei er likevel rekna som ein del av kyrkja pga. trusgrunnlaget sitt. Dette er ofte kalla "å vere i kyrkja, men ikkje under kyrkja". Slik er det også i Sauland, med følgjande organiserte verksemdar (pr.juli 2009):

Søndagsskulen

Søndagsskulen i Sauland samlast annankvar søndag haust og vår. Den følgjer m.a. opplegget "Sprell levende" frå Norges Søndagsskoleforbund. Er det familiegudsteneste i kyrkja, er søndagsskulen med der, og blir kjend med gudstenesten og kyrkja. Dei er og med på andre arrangement. Borna lærer nestekjærleik m.a. ved å stø andre born gjennom fjernadopsjon. Det er 3 vaksne leiarar, Mona Gundersen, Aud Kleivane og Inger Berit Mundal. Våren 2009 var det 20 born med i søndagsskulen, i alder om lag 3-10 år.

Misjonsforeininga

NMS (Det norske misjonsselskap) har ca. 3000 ulike lag og foreiningar, for born, unge og vaksne. Nesten samanhengande frå 1865 har NMS hatt foreining i Sauland. Saulandsforeininga følgjer ei arbeidsform som er felles for misjonsforeiningane i NMS. Dei stør arbeidet som NMS driv i 13 land, som gjeld utdanning, helse-tiltak/diakoni og evangelisering, ved å gje pengar, og ved forbøn. Lokalforeininga gjev og pengar til drifta av menighetshuset. Foreininga møtast ein gong i månaden. Aud Kleivane er leiar.

"Hjartdalsspeider'n"

Det har tidlegare vore speidararbeid i Sauland, tilknytta KFUK-KFUM. Det startast opp att no i haust, for alle 3 bygdene (sjå Arven 4/2009).



Kristen tru er utbreidd over det meste av verda. Brasil er t.d. av dei land som i dag sender flest misjonærer til andre land. Bildet er frå Kina, og viser kinesiske lærarar på bibelskulen i Hunan (bak: norsk gjest frå NMS). (Foto: NMS)

Felles - kyrkja og pinserørsla

Frå 1999 har Sauland kyrkjelyd og pinsemenigheten Sion i Sauland hatt felles bønensamlingar annakvar onsdag vår og haust. Dei møtast vekselvis på Sion og på Sauland menighetshus.

(FHS. Kjelder: A 7/ 1999, AK, NMS)

Lokalorganiseringa av kyrkja

Frå kyrkja var ny i Noreg, rundt år 1000, styrde ho seg sjølv. Etter reformasjonen i 1537 vart kyrkja på sett og vis overtatt av staten/ kongen ("statskyrkja"). Lokalt fekk presten som stat-tilsett embetsmann mye ansvar.

Med formannskapslova i 1837 fekk kommunen (heradet) ein del oppgåver som kyrkjestyre. Noko vart så lagt til dei nye menighetsmøta i 1870, seinare til dei nye sokneråda som vart lovpålagde i 1920.

"Statskyrkja" inneber at kommunane skal løyve årleg budsjett til nærmare definerte sider av kyrkje- og kyrkjegardsdrifta. (Andre trus- og livssynssamfunn får også stønad). Etter den nye kyrkjelova frå 1997 skal

budsjettforvaltninga skje i fellesrådet i kvar kommune. (Sjå også artikkel lenger ned på sida.) - Soknerådas hovudføremål er beskrive slik i 1997-lova: "...Menighetsrådet (soknerådet) skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet." (Fleir delføremål er deretter beskrive i lova).

Sauland sokneråd

Som nemnd har sokneråda (menighetsråda) i Noreg vore frå 1920. I høve kyrkjejubiléet har Arven laga eit "historisk oversyn" over leiarane i sokneråda for dei 4-års valperiodane vi så langt har hatt høve å finne sikre opplysningar om (ca. 30 år bakover).

Tilsette i kyrkja

Attåt prestane har det lokalt i Den norske kyrkja lenge også vore stillingar som organist, kyrkjetenar/gravar og klokkar, i mindre sokn oftast som deltidsstillingar. Desse tilsette har og lokal arbeidsgjevar, i tida 1920-1997 dei einskilde sokneråda. Prestane var lenge statstilsett, no er dei tilsett hos bispedømet.

Med ny kyrkjelov i 1997 kom det i kvar kommune ei tilsett kyrkjevevjerje, med dagleg arbeidsgjevaransvar for tilsette utanom presten i alle sokn i kommunen. Dei tilsette er ikkje lengre tilsett ved eit bestemt sokn/ kyrkje. Som "styre" for kyrkjevevjerja og tilhøyrande arbeidsområde måtte kvar kommune nå ha eit kyrkjeleg fellesråd, felles for alle sokna. I vår kommune er dette Hjartdal kyrkjelege fellesråd (oppretta allereide frå 1992).

Hos kyrkjevevjerja er det frå 1999 og ei deltids sekretærstilling, særleg tilknytt budsjett- og rekneskapsarbeid.

I 2003 kom ny diakonstilling, delt på Hjartdal og Heddal prestegjeld. Løna er

50% frå bispedømet, 50% lokalt.

Arven har laga eit "historisk oversyn" over tilsette (dei fleste i deltidsstillingar). Dette gjeld siste ca. 50-60 år, då opplysningane i hovudsak er frå Arven, som vart oppretta 1949. (FHS)

Tilsette ved Sauland kyrkje (utanom prestane), siste 50– 60 år

Klokkarar

1950-1961: Mangelfulle opplysning, men Nils Hovde var tilsett ei tid.

Stillinga er i 1956 utlyst i Arven).

Knut Bekkhus (1961-1974)

Anne Helene Tho (1974-1976?)

Ånund Hardang (1976-1980)

Svein Hardang (1980-1981)

Kjetil Frøland (1981-2008,

(frå 1997 tilsett hos fellesrådet))

ubesett stilling (2008-)

Kyrkjetenarar/ gravarar

Harald Kåsa (1949-1950)

Ola Olsen (1950-1954)

Olav Larsen (1954-1967)

John Lofthus (1967-1975)

John Tjønnåsdalen (1975-1989)

Olav Åkre (hos S. sokn 1989-1996, 1997-2006 tilsett hos fellesrådet)

Olav Mundal (1978-1981)

Ingvar Sundvor (1982-1985)

Karin Flatland (1986-1987)

Norma Hardang (1988-1989)

Frøydis Hagene Skoje (1990-93)

Sigrid Bekkhus (1994-1997)

Sigrid Bekkhus (1998-2001)

Ingvar Sundvor (2002-2005)

David Mundal (2006-pr aug. 2009)

Hjartdal kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet gjeld og Sauland sokn. Vi nemner difor leiarane også der, dei åra rådet har vore: Frøydis Hagene Skoje 1992-1993, Thorbjørn Aamaas 1994-1997, 1998-2001, Anund Sisjord 2002-2005, David Mundal 2006 - pr. aug. 2009.

(FHS. Kjelder: DM, FHS)

Gunnar Lofthus (hos S. sokn 1989-1996. 1997-2006 tilsett hos fellesrådet, 2006-2009 som handverkar) Kjetil Frøland (1999-2008, hos fellesrådet, primært ved S. kyrkje) Jon Bekkhus (tilsett 2009 hos fellesrådet, primært ved S. kyrkje. (Gunvald Tho og Johannes Wylter er primært h.h.vis ved Hjartdal kyrkje og Tuddal kyrkje).)

Organistar

Inger Johanne Jore (1955-1965)

Anne Marie Haugen (1965?)

Ingerid Tora Nordbø (1965-1979)

Ruth Sundvor (1980-1994)

Torild M. Skårdal (1994-1995)

1995-1999: Ubesett stilling. Organisttenesten i S. kyrkje denne tida

var v/ Torild Møinichen Skårdal,

Helge Wahl Flatland, Ingerid Tora

Nordbø, Kristin Wahl Flatland

Knut Arne Snøås (1999- , tilsett hos

fellesrådet for alle tre sokna)

Kyrkjevevjerje

Sauland sokn, som uløna verv:

Kjetil Frøland (1974-1989)

Kjetil Fosse (1990-1996)

Hjartdal prestegjeld, løna stilling:

Frøydis Hagene Skoje (1997-1999)

Arild Bjørnstad (1999 -)

Sekretær på kyrkjevevjerjekontoret

Kjetil Frøland (1999 -)

Soknediakon

(prestegjelda Hjartdal og Heddal)

Roar-Magnus Helganger (2003-2009)

(FHS. Kjelder: A 1950-2009, FHS, KF)



Foto: Til v: FHS
Øverst: LS
Over: BK

Tilsette i dag, med arbeidsoppgåver i Hjartdal prestegjeld, herunder i Sauland sokn. Frå v.: Kyrkjetenar Jon Bekkhus (primært ved S. kyrkje), kyrkjevevjerje Arild Bjørnstad, sokneprest Bjarne Kleivane, sekretær Kjetil Frøland. Småbilde, over: Organist Knut Arne Snøås. Under: Soknediakon Roar-M. Helganger (slutta i 2009).

Kyrkjeleg verksemd gjennom åra

Vi omtaler her kyrkjeleg verksemd som ikkje er omtala elles i bladet. Ei kortfatta ramma kan gje berre spreidde døme, men vi håper likevel ho gjev eit visst oversiktsbilete.

”Utviklinga”

Noko enkelt sagt var kyrkjelivet i Noreg - og også i Sauland - fram til 1900-talet i stor grad organisert rundt og prega av presten som utdanna, statleg/ kyrkjeleg embetsmann. Presten virka gjennom gudstenester og kyrkjelege handlingar som dåp, ekteskapsvigsjar og gravferder og samtalar med folk, seinare og med konfirmasjon og konfirmantundervisning. Også skulen, i si tid oppretta med bakgrunn bl.a. i kyrkja, hadde ei formell rolle i kristendomsopplæringa, fram til 1960-talet. Kyrkja har og stått bak oppretting av t.d. sjukehus.

Attåt prest og skule kom det så på 1800-talet til ei rekkje nydanna mi-

sjonsforeiningar over heile landet, også i Sauland, og søndagsskulen voks fram. Utpå 1900-talet, og særleg etter krigen, har det vakse fram enda meir organisert kristeleg verksemd. Det har og å gjere med samfunnsutviklinga, der befolkinga t.d. har fått kortare arbeidstid, og slik sett betre høve til å bidra sjølv i kyrkjelivet. Mange har og sett korleis utviklinga og dei mange ulike røyster i samfunn og nye media har gjort det naudsynt med fleire folk til å bidra til at kyrkja kan høyrast med bodskapen sin. Prestanes arbeidsformer er og utvida.

Sauland

Misjonsforeining og søndagsskule er nemnd. Attåt har det som nemnd særleg etter krigen kome fleire nye arbeidsformer. Presten nyttar t.d. familiegudstenester, og utegudsteneste sommarstid. Konfirmantane deltar på leir og i innsamlingar til naudlidande.

For ungdom var det på 1950-talet ungdomskveldar, og Yngresforeining vart oppretta. 1970-80-talet var ei aktiv tid - med Klubben og grupper for samtale, volleyball, musikk, og etterkvart koret Godt nytt. På 1980-90-talet, og inn på 2000-talet, var det speidargrupper (startar att i haust).

Det har i periodar vore mannsgruppe, mødregruppe, bibelgruppe, Indremisjon og Kvinnernes internasjonale bønedeag. - Når det gjeld musikk, har det vore mange konsertar i kyrkja - alt frå Rikskonsertar og folkemusikk til ei mengd lokale utøvarar, t.d. Hjartdal musikkorps gjennom mange år. Organisten har skipa konsertar, og det har i fleire år vore eige kor - til d. Sauland soknekor, og nå Hjartdalskoret med songarar også ”utanbygds” frå. Det er og godt samarbeid skule - kyrkje, med jamnelege skulegudstenester.

(FHS. Kjelder:Arvenutgåver 1950-2009)

Smått og stort av hendingar

Også for kyrkja er det flest ”vanlege dagar”. Men her skal vi nemne nokre hendingar i Sauland kyrkjelyd - meir særskilde, eller som har ført med seg noko nytt. Mykje meir kunne skrivast, her er berre nokre glimt, og mest frå siste hundre år.

Konfirmasjon med jordskjelv

Under konfirmasjonen i kyrkja i 1904 fann det stad eit jordskjelv i området. Det varte i nokre sekund. Presten, P. H. Lexow, skriv at”... *Netop som Presten var kommet op paa Prædikestolen kjendes en stærk Jordrystelse og Folk reiste sig og søgte hen til Utgangene, de fleste til de to Sidedøre, færre Hovedutgangen gennem Taarnsiden. Folk havde nemlig den Tro, at Taarnet vilde falde. Paniken forløb dog uden nevneverdig Uheld. ... Presten som stod paa Prædikestolen under Paniken, formanet til Ro. ... Fabrikeier Mosebø ... søgte at berolige de nærmest stående, der strømmet paa, men blev revet omkuld. Rystelsen ... var stærk. Det knaget og braged i Taarnsiden. Orgelet, Prædikestolen, ja den hele Kirke syntes bevæge sig. Organisten, der sad rolig ved sit Orgel ..., syntes at se en Lysning over Orgelet da Rystelsen kjendtes.*” (FHS. Kjelde: A 10/ 1984)

Første misjonsforeining

Dagens Sauland misjonsforeining av NMS (Det norske misjonsselskap) vart starta alt i 1865. Foreininga er ikkje formelt styrd av D. n. kyrkje, men reknar seg som å høyre til i kyrkja.

Nynorsk liturgi

I 1935 vart det vedteke å gå over til nynorsk liturgi i Sauland kyrkje.

2. verdenskrig

Christoffer K.Kobro var prest frå 1935. Han var her som prest også ei tid inn i krigen, men vart bortvist av styresmaktene i mai 1944, og Flatin vart tilsett i Kobros stad. Kobro kom att som prest ved freden i 1945.

Kyrkjelydsbladet Arven

I okt. 1949 kom første nummer av kyrkjelydsbladet Arven ut. (Bladet er såleis 60 år i år...). Sokneprest Aasulv Austad var drivkrafta for at bladet kom i gang. Første nr. var på 2 sider, men alt neste nr. var på 4, som i dag.

Konfirmantkapper

Kvite kapper til bruk på konfirmasjonssøndagen vart teke i bruk i 1955.

50-årskonfirmantar

Markering for 50-årskonfirmantar vart gjort første gong truleg i 1966.

Kyrkjebil

For at fleire kunne kome til kyrkje, vart det i 1958 ei ordning med kyrkjebil. Kor lenge ordninga vara kjenner vi ikkje til, men i Arven i 1985 står at soknerådet betalte drosje til kyrkja.

Prestevigsel i kyrkja

Ånund Hardang frå Sauland vart i 1986, før han begynte i arbeid på Gjøvik, vigsla til prest av biskop Halvor Bergan. Dette er truleg første (og til nå einaste) prestevigsel i Sauland.

Kyrkjeasylantar i Sauland

I 1993 rømde ein del asylsøklarar inn i kyrkjer og bedehus. Seinhaustes kom ein familie til Sauland menighetshus. Dei flytta tilbake til statleg mottak da styresmaktene ville handsame kyrkjeasylantanes søknadar på ny.

Felles med pinsemenigheten

I 1999 starta Sauland kyrkjelyd og pinsemenigheten Sion i Sauland eit samarbeid med felles bønnesamlingar.

Sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, nye stillingar - m.a. diakon

Nye instansar og stillingar er kome til gjennom åra. M.a. vart soknediakon tilsett for første gong i 2003, med vigsling av diakonen i kyrkja - også ei førstegongshending i Sauland kyrkje. (Sjå også omtaler elles i bladet.)

Kyrkja på internett

Hausten 2005 kom vår lokale kyrkje ”på internett”, med ei enkel heimeside under kommunens hovudsida.

Katolsk messe

I 2008 var det, truleg for første gong etter reformasjonen, katolsk (rekviem-) messe i kyrkja, i høve ei gravferd.

(FHS. Kjelder: A og C, A 7/1955, 7 og 8/1958,3/1965,10/1985,10/1986,10/1993,7og9/1999,2/2000, 5/2003,1/2006,6/2008.)



Bjarne
Kleivane
(Foto: FHS)

Ved 150-årsjubiléet

- Sauland kyrkjelyd og kyrkje

Før stavkyrkja

Sauland fekk stavkyrkje truleg på midten av 1200-talet. Her var då ein kyrkjelyd som ville bygge slik kyrkje. Her var nok kyrkjehus før det også. Slike hus sto ikkje så lenge. Og kyrkjelyden vaks. Her var menneske, noen som hadde tatt imot det som er kalla den nye trua. Dei ville ha ein stad å samlast for å høre og lære Guds ord; der det var tilbeding og bøn og merkedagane i livet kunne markerast på kristeleg vis. Dei kristne skilde seg ut. Det tok tid før kristentrua fekk feste. Det er heile tida motkrefter. Men kyrkjehuset vitna om ein kyrkjelyd.

Ny kyrkje

Då stavkyrkja var blitt for dårleg og lita, ville kyrkjelyden ha ny kyrkje. Då den blei vigsla for 150 år sidan, var det truleg stor glede. Eit vakert bygg på ein sentral stad i bygda.

Dette kyrkjehuset er gjennom generasjonane brukt av kyrkjelyden i sorg og glede, og ved merkedagar av ulik slag. Til konsertar og samkommer med kristelige emne.

Ein møtestad

Frå første kristentid har trua samla menneske. Kyrkjehuset har vore ein sentral samlingsstad. Og ein spesiell møtestad mellom menneske og Gud. Kyrkja og trua har bunde saman menneske med ulik bakgrunn og interesser. Dit er alle velkomne.

Makt

I periodar har kyrkja tatt seg til for stor makt. Og brukt ho galt. Det var tvang og hindring for fri tanke og gode personlege val i dei mange situasjonar. Likevel var evangeliet der. Den gode budskapet er forkynt og sakramenta i bruk. Menneske samlast i tru og tilbeding. Med tvil og anfektning. Og med takk for å ha eit ope Gudshus å komme til.

Mellom jubileum og merkedagar

Vi har ikkje årstal for kristentrua si komme til Sauland, og kan ikkje jubilere for det. Nå jubilerer vi for kyrkjehuset vårt. Det er også grunn til å vere takksame for at vi har ei kristen kyrkje, ein kyrkjelyd. Det har vore innviing. Vi finn ikkje noko om 50-årsjubileum, men det var 100 år og nå 150 års jubileum. Og mange merkedagar. Det er rett å hugse på at for å ha kristne merkedagar og jubileum, må der vere ein kyrkjelyd. Det må vere men-



Altarmåleriet i Sauland kyrkje, "Den oppstadne Kristus", måla av Finn E. Olsen i 1974. (Foto: LS)

neske som kommer saman og brukar kyrkjehuset på dei "vanlege" dagane. Slike som "ikkje forsømer samlingsom Guds ord, men held Ordet heilagt, gjerne høyrer og lærer det." (Luther, i forklaringa til 3. bodet.) Elles blir kyrkjehuset som eit museum.

Omsorg

Det er synt omsorg for kyrkjehuset på mange vis. Frå einskildpersonar, sokneråd, fellestråd og kommune. Ho er lett å komme inn i. Bra benker og høreanlegg. Og ein del mindre endringar er gjort til det betre i seinare år.

Då kyrkja vart måla innvendig i 1938 var det ved innsamla middel. Ved å føre fargene tilbake til slik ho var første gongen ho var fullmåla innvendig, er fine detaljar også komme fram. Og det tydelige skiljet mellom skip og kor. Kyrkjebygningen finn nok dei fleste vakrare nå enn før.

Til jubiléet har vi også ny messehjel, finansiert ved gåver. Den er skapt til nettopp vår kyrkje og fargane her. Den skal brukast ved høgtidsdagar, og først og fremst ved høgtida nattverd. Den er på dobbelt vis uttrykk for omsorg, frå menneske og frå Gud.

Framtida

Sauland kyrkje må for framtida vere ein samlingsstad ved merkedagar og jubileum, så vel som på dei vanlege søndagar og høgtider. Tårnet peiker og vitnar. I lengda er vitnemålet til dei sterkast som går ut og inn av kyrkja.

Nå

Det er jubileum i glede. Og i takksemd for å ha og kunne vere med i ein kristen kyrkjelyd og å ha eit slikt vakert Herrens hus å samlast i.

Der er alle velkomne. Der får vi kraft til å bære og gi kristenarven vidare. Arven med det gode håp om den gode framtida knytt til den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Bjarne Kleivane, sokneprest

Sauland i dikt og skildring

Me elsker deg Sauland, du fagreste stad - "du perla blant Telemarks dalar".

Me elsker din vinter og sumarens kvad og fjellheimens skyhøge salar.

Me elsker kvar bakke og knause og koll dei duvande skogar som tunglynt i moll så underleg tuslar og talar.

Heilage kyrkje! i hundrade år! har du kalla vårt folk, våre frender! Jamt er din malmtone kjøvande sår når den skjelv over heimar og grender. Men høgrest du lyser i skodde og eim og peikar i fred imot himmel og heim for folla og livstrøytte hender.

Utdrag frå "Sauland", A. Blomhaug, ved kyrkjejubiléet i 1959 (A 6-7/1959)

"...Saulandselven, der vandrer Dalføret, danner ved sine utallige Slyngninger skjønne skovbekranste Odder og Pynter, hvorover Solen til Afsked kastede et lifligt og drømmende Skjær, der stod i en herlig motsætning til de mørke Klipper i vest for Elvedraget. man kunde høre fuglenes vingeslag i Luftten, blandet med en svag Summen af Elvens vislende vover. ... Den hele Natur var som indstrumentet der syntes at indbyde til i stille Andagt at takke Skaberen for den Skjønhed der aabenbarede sig for os i denne tause Stund."

Frå Holsts "Vandring gjennom Thellemarken Sommeren 1847" (Kjelde: IJG)


"... Etter ulykken fortalte en kvinne at hun hadde sett en engel ved inngangen til huset vårt. Flere år senere ble disse minnene koblet sammen med en skjønn morgenstemning på vei til Oslo. Jeg passerte Sauland i soloppgang mens hvit snø gnistret fra fjellsidene. Jeg stoppet bilen og skrev første utkast til salmen."

Lyrikar Olav Mosdøl, om salma "Min engel kom ned frå himmelen" (Frå intervju med avisa Vårt Land, 2008)

Helsing frå Hjartdal kyrkjelege fellesråd

Høgt under taket, vidt mellom veggane, no også krydra med fargar: kvit og rein utvendig og varm og fin innvendig. Huset er dekorera til Guds ære, og med rom for mangfaldet slik Skaparen gjorde det. Lat huset bli ein heim for oss, ver med å bruke det med alle dei sansar Han har gjeve oss, då blir det godt også å vere der. I jubelåret bør her bli mykje lovsong og takk, glede og kjærleik å finne mellom oss. Kyrkja vår og den tidlegare stavkyrkja har til saman ei 800 år lang historie, livet i kyrkja har vore der like lenge gjennom strid og takksemnd. Håpet blir å finne her for all framtid.

David Mundal,
leiar i Hjartdal kyrkjelege fellesråd



(Foto: LS)

Nytt til jubiléet

Her nemner vi to større ting det er samla inn pengar til i høve jubiléet:

Ny messehakel til kyrkja

Kyrkja får ein ny messehakel, i grøn hovudfarge. Det er ei kappe til bruk utanpå prestekjolen ved visse høve i gudstenester. Soknerådet har samla inn pengar, og broderikunstnar Anne Landsverk har stått for utføringa. Nytt altarklede (antependium) vert og laga, i same grønne stoff.

I beskrivelsen av messehakelen skriv Landsverk at altertavla i kyrkja og den gotisk utforma søyleveggen i korskillet vart hennar hovudinspirasjon. Gotiske bogar er såleis element på messehakelen, saman med ulike kristne symbol, som t.d. kristogram, utforma med aks, og t.d. bokstavane Alfa og Omega ("Kristus som den første og den siste"). I motiva er brukt ulike liturgiske farger.

Landsverk er ein anerkjent kunstnar som t.d. har laga om lag 280 tekstilar til 80 kyrkjer over heile landet.

Nytt piano til menighetshuset

Sauland menighetshus er "arbeidskyrkjedelen" av kyrkja, og får nytt piano til kyrkjejubiléet (bakgrunn: sjå Arven 2/ 2009). Pianoet vert ei gåve frå Hjartdalskoret, som brukar huset til korøving. Koret samlar inn pengar til kjøpet gjennom eit lotteri. (FHS. Kjelder: ANB, A 1 og 2/ 2009)

Vår kjære kyrkje

Vår kjære kyrkje på Ordet står der me til nåde og kvile når, i skin av glitrande rimkrystall, så kvit, vår heilage hall.

Men venast, kyrkja, i grøne kår når lauv og blømade engjer når som von i vakande kall.

Ho tufta er der den gamle sto: Det såre saknet er burte no.

Me byter former og skifter tid, men Ordet kom for å bli!

Sjå bygda signa i sole-ro, med kyrkja liksom ei kjerne, god, me heime kjenner oss i.

Her har me minne som jente, gut, som vil oss fylgje i livet ut, for dei var ofte eit vendepunkt i lukke, trengsel og tungt.

For fred er gjevaste eignelut når livet brennest av bal og sut og saknar hjarta sitt, ungt.

Høyr klokkeklangen imellom fjell til samling ringjer om heilag eld..

For hit til garden me flokka finn som var me eins i eit sinn.

Men om me samlast i livsens kveld, vår eigen veg må me vandre lell og vone sæla me vinn.

Ja, grøde visnar og atter gror som kyrkjelyden og alt av jord, men Ordet varer allikevel om ei udøyleg sjel.

Høyr kallet, grunna på Herrens ord vil hyra alle til syster, bror, hjå Jesus, signa og sæl.

Knut Buen

(Skrive til kyrkjejubiléet)

Program for jubileumsfeiringa

Når bladet her går i trykken, er programmet førebels fastsett så langt som dette (sjå nærmare annonser i aviser og Arven seinare):

Søndag 27. september kl. 11:

Jubileumsgudsteneste,

Sauland kyrkje.

Arrangement på Sauland menighetshus etterpå.

Fredag 9. oktober kl. 18:

Konsert, Knut Buen og organist

Knut Arne Snøås, i Sauland kyrkje.

Søndag kveld 15. november:

"Kyrkjer i Sauland i 800 år".

Kyrkje- og kulturhistorisk kveld i Sauland kyrkje.

Alle er velkomne!

Teledødens Boktrykkeri, Notodden

Helsing frå Hjartdal kommune

"Kirken står i bondens tanke på et høyt sted", seier Bjørnson i "Synnøve Solbakken". Slik har det vore - og slik er det også i Sauland. Kyrkjeshuset har ein særeigen plass hjå folk, og vil ha det i framtida: som ein samlingsstad ved gledelege hendingar - og i sorgtyngde dagar, ein stad der mennesket møter "Ordet" - og i tillegg fær del i kulturelle opplevingar.

Det er eit velstelt kyrkjeshus som fyller 150 år, og særdeles hyggeleg er det at kyrkja har fenge att sine opphavlege fargar. Hjartdal kommune ynskjer bygd og kyrkjelyd lykke til med jubileet og vidare inn i nye tider.

Olav Tho,
ordfører i Hjartdal kommune



(Foto: SP)

Arvens jubileumsnummer

Stoffet i dette bladet er ikkje eit eige historisk kjeldarbeid, men er henta frå bøker, notat, tidlegare utgåver av Arven, m.v. Innsamlinga av bakgrunnsstoffet er i all hovudsak gjort av sokneråds-/fellesrådsleiar David Mundal. - I tillegg kjem helsingar og anna nyskrive.- Stoffredigering og layout er v/ red.medarbeidar i Arven, Frøydis Hagene Skoje. - Her er sikkert emne og opplysningar som nokon saknar. Det kan og ha kome inn feil, t.d. med årstal. Ut frå tid og ressursar som Arven har kunna bruke, har vi likevel forsøkt å gje eit så godt oversyn over kyrkja som mogleg i høve jubiléet.

Arven, aug. 2009,
red. Bjarne Kleivane

Forkortingar for namn på fotografar:

ATB = Agder og Telemark bispedøme, DM = David Mundal, FHS = Frøydis Hagene Skoje, LS = Leif Skoje, NMS = Det norske misjonsselskap, SP = Senterpartiets inter-nettside

Forkortingar nytta på kjeldenamn :

A = Arven (med nr./ årstal)

A og C = notat frå tidlegare sokneprestar

Aasulv Austad og Kjell Clausen

AH = Arne Hardang, Kyrkje- og prestesoge for Hjartdal, 1994

AK = Aud Kleivane, muntl. 2009

ANB = Atelier Norsk Broderidesign, 2008

DM = David Mundal, notat 2009

ES = Elisabeth Seip, red.: Chr. H. Grosch, Peter Hammers forlag, 2001

FHS = Frøydis Hagene Skoje, muntl. 2009

G-soga = Gransheradsoga, Not. kom. 1977

H-soga = Hjartdalsoga, band II, 1992,

Gjertrud Kleivland Karlsrud, Hj. kommune

IJG = Inger Johanne Grini, Telen 1973

KF = Kjetil Frøland, muntl. 2009

NMS = Det norske misj.selskap, 2009